

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 29. januar 2014

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av vedtak om internasjonal strategi, FT-sak 32/13, punkt 6

1. Bakgrunn

Det vart under vedtak av *internasjonal strategi 2014-17* i fylkestinget 15.10.13, sak 32/13, gjort slikt vedtak;

1. Internasjonal strategi 2014 – 2017 vert vedteken.
2. Ungdomssatsinga knytt til vidaregåande opplæring vert vidareført. Det skal arbeidast vidare med sikte på å kunne tilby Ungdom frå Sogn og Fjordane IB-plassar i samarbeid med UWC i Fjaler.
3. Internasjonalt arbeid skal bidra til å løyse felles utfordringar og å nå felles mål.
4. Oppfølginga av den internasjonale strategien skal skje innafor gjeldande budsjettammer.
5. Ved neste rullering av internasjonal strategi skal det utarbeidast meir konkrete mål for Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt internasjonale arbeid. Desse måla skal vere målbare slik at fylkeskommunen kan evaluere sitt internasjonale arbeid.
6. Fylkesutvalet kjem med framlegg til fylkestinget om kva, og korleis, vi kan styrkje det politiske engasjementet i internasjonalt arbeid.
7. Fylkesrådmannen orienterer fylkestinget om det internasjonale arbeidet i årsmeldinga.

For at fylkesutvalet skal kunne kome med eit framlegg til fylkestinget, jf. pkt. 6, ser fylkesrådmannen det som føremålstenleg at fylkesutvalet drøftar nokre sentrale problemstillingar knytt til politisk internasjonalt engasjement. Fylkesrådmannen vil her nemne nokre problemstillingar som kan drøftast, utdrag av relevant informasjon for drøftinga og administrasjonen sine eigne vurderingar i høve problemstillingane.

2. Kva skal til for å styrke det politiske engasjementet i internasjonalt arbeid?

Eit styrka politisk engasjement bør vere tufta på FT/FU si oppfatning av kva for behov dei har og kva for effektar dei meiner dette kan gje. For å bygge opp under denne forståinga har fylkesrådmannen formulert nokre spørsmål for å gjere det klårare kva administrasjonen ev. kan bidra med i denne prosessen:

- Er det behov for meir kunnskap om til dømes EU/EØS, internasjonale lovar og reglar, finansieringsordningar og internasjonale politiske fora?
- Trengs det meir forståing for moglege effektar av politisk engasjement?
- Er det behov for ei fyldigare orientering om kvar ein på politisk side kan delta?
- Er det behov for ein tettare dialog med administrasjonen?

Vi nemner vidare tre konkrete problemstillingar som fylkesutvalet ev. kan drøfte;

1. Korleis kan Sogn og Fjordane profilere seg meir utover fylkesgrensene og nasjonale grenser som medeigar i Vest- Noregs Brusselkontor (VNB)?
2. Korleis kan Sogn og Fjordane ta ei meir aktiv rolle i å hevde sine interesser internasjonalt, og ikkje minst vere med på å setje den internasjonale politiske agendaen?
3. Korleis nyttar vi ressursane våre på riktig måte? Ein aktiv internasjonal politikk og internasjonalt arbeid generelt krev ressursar.

3. Utfyllande informasjon ved ev. drøfting av problemstillingane

Problemstilling 1; Korleis kan Sogn og Fjordane profilere seg meir utover fylkesgrensene og nasjonale grenser som medeigar i Vest- Noregs Brusselkontor (VNB)?

I EØS-utgreiinga *Utenfor og innenfor* (NOU 2012:2) vert det framheva at som “utanforland” er det spesielt viktig at Noreg nyttar tilgjengelege påverknadskanalar. Mange fylkeskommunar nyttar i dag medlemskap i organisasjonar som CPMR og Nordsjøkommisjonen, European Assembly of Regions (AER) og Euromontana for å påverke politikktutforminga i EU. Spesielt gjeld dette område som er sentrale for Norge og kystfylka, mellom anna maritim og marin politikk.

Fylkeskommunen har eit potensiale for å hente ut meir av kontoret i Brussel, då spesielt i forhold til overvakingstenester for å kunne drive interesseheving, kompetanseheving om EU/EØS og partnersøk til samarbeid og prosjekt. Dessutan er Brussel staden der Europas politikktutforming tek plass, og det er denne utforminga som formar mykje av vår kvardag. For å dra maks utnytte av medlemskapen i VNB og det dei kan tilby, er det også viktig at fylkeskommunen blir ein betre bestillar. Dette krev at ein er aktive, både politisk og administrativt.

I dei siste åra har ingen aktive politikarar frå Sogn og Fjordane vert representert i VNB sitt styre, og administrasjonen har dei siste tre åra vore den einaste som har møtt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune med fullmakt på generalforsamlingane. Frå og med 2014 går både leiar (Monica Mæland, Bergen) og nestleiar (Bjørn Tømmerdal, Ålesund) ut, og det vil verte nye val til desse posisjonane.

Administrasjonen si vurdering:

Sogn og Fjordane bør melde sin interesse for ein plass i VNB sitt styre så fort som mogleg, for å ivareta Sogn og Fjordane fylkeskommune (ein av hovudeigarane i kontoret), sine interesser. Administrasjonen kan ev. hjelpe til med dette.

Problemstilling 2; Korleis kan Sogn og Fjordane ta ei meir aktiv rolle i å hevde sine interesser internasjonalt, og ikkje minst vere med på å setje den internasjonale politiske agendaen?

Conference of Peripheral Maritime Regions, CPMR, er ein medlemsorganisasjon for maritime utkantregionar i Europa. CPMR har medlemmer frå 160 regionar frå 28 land, og har stor innverknad på politikktutforminga i EU direkte inn i Europakommisjonen og Europaparlamentet. Dei fleste kystfylka i Norge, inkludert Sogn og Fjordane, er medlemmar i CPMR.

Nordsjøkommisjonen består av 35 kystregionar frå åtte land. Desse regionane er våre naboar. Vi har viktige fellesinteresser i naturressursar, handel og kulturarv. Nordsjøkommisjonen søker å påverke utforminga av EU-/EØS- politikken, og frontar særleg interessene til dei maritime Nordsjøregionane inn mot CPMR og andre EU-organ. Erfaringsutveksling, felles idéutvikling og utvikling av konkrete samarbeidsprosjekt er andre viktige sider ved arbeidet i NSC. Arbeidet i Nordsjøkommisjonen er delt inn i fleire tematiske undergrupper, og det er her mulegheit for regionale politikarar å hevde sin region sine interesser innanfor temaet (til dømes; marine ressursar). Dette kan og vere ein god lærings- og erfaringsarena.

Dei siste åra har det som regel berre vore administrativ deltaking frå Sogn og Fjordane på tilhøyrande årsmøte. I 2013 har fylkeskommunen hatt to medlemmer i tematiske grupper; Marine Resources og Economic Development. Det har ikkje vore aktiv deltaking. Det kan vere fleire grunnar til dette, men det kan bety at fylkeskommunen bør rigge og organisere seg annleis for å få dette til å fungere.

Utbyttet av medlemskap i CPMR og NSC kan seiast å vere lite om ein berre deltek på årsmøta, og særleg

dersom ein berre deltek administrativt. Det er viktig at vi deltek politisk og administrativt i dei prioriterte tematiske undergruppene i NSC. Det er der politikken blir utforma og prosjektsamarbeid utvikla.

Fylkeskommunen er også medlem av *Euromontana* som arbeider med distrikts- og næringspolitiske saker, der felles landbrukspolitik, europeisk samarbeid, berekraftig reiseliv, fornybar energi og det å sikre produktnemninga «fjellprodukt» (juridisk), er døme på viktige satsingar. I okt-12 vart fylkesordføraren valt inn i styret i *Euromontana* for ein 4 års periode. Fylkeskommunen har ein administrativ ressurs som følgjer opp behovet for intern koordinering.

Administrasjonen si vurdering:

For å oppnå meir og ny kunnskap om sentrale utfordringar i Nordsjøregionen, som i mange høve er lik dei utfordringane vi har i Sogn og Fjordane, er Nordsjøkommisjonen ein interessant arena. Fleire norske politikarar er allereie aktive her, og slik sett kan Nordsjøkommisjonen vere ein møteplass for nettverksbygging. Administrasjonen kan følgje opp den/dei som ønskjer dette, både i forkant og etterkant.

Problemstilling 3: *Ein aktiv internasjonal politikk krev ressursar, og det same gjer aktivt internasjonalt arbeid generelt – korleis nyttar vi ressursane våre på riktig måte?*

Det kostar å vere medlem av politiske organisasjonar. Medlemskontingentane våre er slik (ca.-beløp):

CPMR	96 300 kr
Nordsjøkommisjonen	50 000 kr
Euromontana	10 000 kr
Vest- Norges Brusselkontor	<u>217 000 kr</u>
Samla sum:	<u>373 000 kr</u>

Samla internasjonalt budsjett er på 660 000 kr.

Dei resterande midlane på *287 000 kr* skal i hovudsak dekke:

- reiser og møtedeltaking i samband med desse organisasjonane (administrativ deltaking)
- samarbeid og kontakt med kommunar, næringsliv og andre organisasjonar i fylket
- initiere prosjekt på tvers av sektorar og anna samarbeid
- administrativ oppfølging av politisk aktivitet på dei internasjonale arenaene.

Dagens midlar/løyvingar vert stort sett nytta fullt ut.

Administrasjonen si vurdering:

Med det aktivitetsnivået vi no har, er det ikkje behov for meir ressursar. Men det er heller ikkje opning for vesentleg nye satsingar dersom ein då ikkje vel å vurdere omprioriteringar. Når det gjeld ev. styrking av politiske engasjementet, kan dette kanskje vurderast opp mot andre politiske utgiftspostar. Politisk deltaking vert i dag ikkje dekkja av internasjonalt budsjett, men frå programområde 400 *Politisk styring*.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen meiner det vil vere nyttig om fylkesutvalet konkretiserer kva dei har behov for og kva dei ønskjer med sitt politiske engasjement i internasjonalt arbeid. Ut frå administrasjonen sine vurderingar, kan eit fyrste steg vere å vurdere følgjande;

1. Fylkeskommunen melder interesse for ein posisjon i VNB sitt styre og viser initiativ og engasjement her.
2. Fylkeskommunen tek på ny stilling til politisk deltaking i Nordsjøkommisjonen. Administrasjonen vil ev. kunne gje meir informasjon om møte/konferansar ein kan vitja i 2014.
3. Fylkeskommunen vurderer om bruken av særskilde midlar til internasjonalt arbeid er optimal. Likeeins om dette arbeidet får tilstrekkeleg merksemd i høve andre politiske arbeidsfelt.

Fylkesrådmannen rår til at FU drøftar problemstillingane i dette notatet, og gir føringar for den vidare prosessen. Fylkesrådmannen vil nytte dette som grunnlag for å utforme ei ordinær sak til FU og FT, jf. FT sitt vedtak i sak 32/13, pkt. 6.